

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 29/2000
av 31. mars 2000**

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar,
prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 6/2000 av 4. februar 2000⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 98/535/EF av 3. september 1998 om ei felles teknisk forskrift om det jordbaserte telekommunikasjonssystemet om bord i fly (TFTS)⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 1999/497/EF av 7. juli 1999 om ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling av tobands DECT/GSM-terminalutstyr⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 1999/498/EF av 7. juli 1999 om ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling til det digitale fleirtenestenettet (ISDN) av utstyr til digital utvida snorlaus telekommunikasjon (DECT) (versjon 2)⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ Enno ikkje kunngjord.

⁽²⁾ TEF L 251 av 11.9.1998, s. 36.

⁽³⁾ TEF L 192 av 24.7.1999, s. 58.

⁽⁴⁾ TEF L 192 av 24.7.1999, s. 60.

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XVIII etter nr. 4zzd (kommisjonsvedtak 1999/310/EF) i avtala skal nytt nr. 4zze til 4zzg lyde:

- “4zze. **398 D 0535**: Kommisjonsvedtak 98/535/EF av 3. september 1998 om ei felles teknisk forskrift om det jordbaserte telekommunikasjonssystemet om bord i fly (TFTS) (TEF L 251 av 11.9.1998, s. 36).
- 4zzf. **399 D 0497**: Kommisjonsvedtak 1999/497/EF av 7. juli 1999 om ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling av tobands DECT/GSM-terminalutstyr (TEF L 192 av 24.7.1999, s. 58).
- 4zzg. **399 D 0498**: Kommisjonsvedtak 1999/498/EF av 7. juli 1999 om ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling til det digitale fleirtenestenettet (ISDN) av utstyr til digital utvida snorlaus telekommunikasjon (DECT) (versjon 2) (TEF L 192 av 24.7.1999, s. 60).”

Artikkel 2

Teksta til kommisjonsvedtak 98/535/EF, 1999/497/EF og 1999/498/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerala tek til å gjelde 1. april 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerdha skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 31. mars 2000.

For EØS-komiteen
Formann

F. Barbaso

Sekretærar for EØS-komiteen

G. Vik E. Gerner